

tips:
57 84 90 00
sms/mms:
fjt tips til 2399
epost:
fjt@fjt.no

etter jobb.



SEGLAS: Frå 28. august til 5 september blir det seglas langs Kystpilegrimsleia. Med er ungdomspilerimar frå ulike kyrkjesamfunn. F.v. prest Kari Leine Balog, Dina Øien, Florø, Elisabet Osdal, Selje, Ragnhild Aadland Hoen, saman med dottera Sunniva Aadland Hoen, Oslo, og Victoria Elise Lid, Os, og fader Theodor. **FOTO: SIRI KOLSETH**

Markerer jubileum med seglas og Sunnivafestival

Frå 28. august vert det seglas langs Kystpilegrimsleia for å markere at det er 850 år sidan flyttinga av St. Sunniva sine levningar.

– Med på vegen er Sunnivaskrinet og ungdomspilegrimar frå ulike kyrkjesamfunn. Underveis skal dei bidra med lesing og bøner samt at dei vil rapportere om sine tankar underveis, seier Jens Z. Meyer i Bjørgvin bispedøme

Ferda går i etappar langs denne leia: Selja- Kalvåg-Kinn-Svanøy-Askvoll-Korssund-Hyllestad-Eivindvik-Kilstraumen-Lygra-Hamre-Bergen.

I Selje vil ein markere jubileet med eit rikhaldig program, der ein startar med

frukostmøte på Stad hotell fredag. FN-sambandet skal og ha undervisning med skulelever både fredag og laurdag med strandrydding. Fredag kveld blir det kveldsbøn i Selje kyrkje og fakkeltog med skrinet til båten som skal frakte

skrinet ut på klosteret. Laurdag vert det guida tur over Selja med Stadt Natursguiding. Det vert marknad og stands i Selje sentrum laurdag. Bua er open, og på ettermiddagen vert det konsert med Ytre Nordfjord Brass i parken.



PREMIERE: Både skodespelarar og manusforfattar gler seg.

Klare for urpremiere på nytt stykke

– Vi er eit veldig samansett fylke, frå brølande apar til inneslutta lodottar. Det sprikar jo til alle kantar i dette fylket, seier Finn Tokvam. Han har skrive «Vestland, Vestland» som har urpremiere denne veka.

På scena representerer Sigrid

Moldestad og Claus Sellevoll kvar sitt fylke i det arrangerte ekteskapet mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylke. Framsyninga har urpremiere 27. august, og skal rett ut på Vestlandsturne etter det.

Stykket kjem til Flora samfunnshus 28. august, Nordfjordhallen 1. september og Operahuset Nordfjord 3. september.

– Etter fem månader med teatertørke, gler vi oss veldig

til endeleg å ha premiere på eit heilt nytt stykke, seier teatersjef i Teater Vestland, Bodil Kvamme.

Da Kvamme fekk ideen til stykket «Vestland, Vestland», som tek for seg samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland, spurde ho Finn Tokvam om å skrive manus. No er det klart for urpremiere, med etterfølgjande turne i Vestland.

BEATE HAUGTRØ
NPK